



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Pål-Jøran Carlsen
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/4332 - 23/27553

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
12.04.2023

Igangsettingsløyve for kaianlegg og avløpsleidning - gbnr 146/6 Fosse ytre

Administrativt vedtak: Saknr: 381/23
Tiltakshavar: Tonny Andre Dale
Ansvarleg søkjar: Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 a), jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av heile tiltaket for oppføring av kaianlegg med utsleppsanlegg - slamavskiljar med avløpsleppsløydning til sjøen på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 10.03.21 med vilkår gjeld for tiltaket.
2. Vilkår i utsleppsløyve i sak 20/17346, datert 11.12.20 skal stettast.
3. Vilkår i vedtak frå Bergen hamn, datert 23.03.23 skal stettast.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
2. Faktisk plassering av tiltaket for både kai og utsleppsanlegg med leidning må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av heile tiltaket - oppføring av kaianlegg med utsleppsanlegg - slamavskiljar med avløpsleppsløydning til sjøen.

Kommunen har i vedtak av 10.03.21 gjeve rammeløyve.
Det vert elles vist til søknad motteken 28.03.23.

Det er teke stode kun til tiltaket beskrevet ovanfor. Bruksendring av garveri til selskapskolalar skal handsamast i eigen sak 22/8241.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 28.03.23 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

Det er vedlagt rapport frå fagkyndig med geologisk undersøkelse av området datert 4.12.20. Konklusjonen viser at sannsynet for jordskred i kartleggingsområdet er mindre enn 1/1000 per år.

Aktuelt regelverk

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/4332

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Tonny Andre Dale

Flatøyvegen 57 5918
B

FREKHAUG

Mottakarar:

Arkitektkontoret Børtveit &
Carlsen AS

Hagellia 6 5914

ISDALSTØ